



Alver kommune  
Havnevegen 41 A  
5918 FREKHAUG


Saksbehandlar, innvalstelefon

Hege Brekke Hellesøe, 5557 2352

## Uttale - Alver - 345/10 - Vikebø - vedlikehald og utviding av veg - dispensasjon

Vi viser til brev frå kommunen datert 11.05.2020. Saka gjeld søknad om dispensasjon frå plankrav for rehabilitering og utviding av privatveg til eksisterande hytter.

Eigedomen ligg i uregulert område innanfor det som i kommuneplanen sin arealdel er definert som byggjeområde for framtidig bustad B\_12. I tillegg ligg tiltaket i omsynssone for verneplan for H190\_1 Rylandsvassdraget:



### Fylkesmannen si vurdering

Kommunen kan berre dispensere dersom omsynet bak det formålet området er sett av til i arealdelen av kommuneplanen og plan- og bygningslova sine formål, ikkje vert vesentleg tilsidesette. I tillegg må fordelane ved å gi dispensasjon vere klart større enn ulempene, jf. pbl. § 19-2 andre ledd.



Arealdelen av kommuneplanen har vore gjennom ein omfattande prosess, og er vedteken av kommunestyret. Det skal såleis ikkje vere kurant å gjera unntak frå gjeldande plan. Ut ifrå omsynet til offentlegheit, samråd og medverknad i prosessen er det viktig at endringar ikkje skjer ved dispensasjonar, men at endringane vert handsama etter reglane om kommuneplanlegging og reguleringsplanlegging, jf. Ot. prp. 32 (2007-08) s. 242.

I saker som gjeld dispensasjon frå plankrav er det alltid viktig å vurdere om dispensasjonen kan få føringar for seinare planarbeid i området. I denne saka er Fylkesmannen opptatt av at ein eventuell dispensasjon sikrar at det ikkje kjem avrenning til Rylandsvassdraget. I tillegg ser vi at landskap og terrenginngrep er eit viktig tema som kommunen må vurdere i vidare sakshandsaming.

Fylkesmannen ber om å få eit eventuelt positivt vedtak til klagevurdering.

Med helsing

Egil Hauge  
seksjonsleiar

Hege Brekke Hellesøe  
seniorrådgjevar

*Dokumentet er elektronisk godkjent*